



Henrikas Maslauskas
Bøggerdet 27
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7844 - 20/17916

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
03.04.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr. 424/54

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 424/54
Tiltakshavar: Henrikas Maslauskas

Alver kommune har den 31.03.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 26.03.2020 vart registrert lekkasje og lågt nivå i septiktanken på eigedommen din, med adresse Bøggerdet 27, 5937 Bøvågen. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast 30.05.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Henrikas Maslauskas

Bøgjerdet 27

5937

BØVÅGEN